



Gunn Mari Moberg eller Arne Havnerås i formannskapet? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har likevel ikkje vorte nokon avklaring om kven som skal ha dei ulike politiske posisjonane etter valet – korkje frå fleirtalskoalisjonen eller mindretalspartia. Difor veit ein ennå ikkje, sjølv om vi nå skriv oktober, om Torfinn Myklebust frå Innbyggjarpartiet blir leiar av Forvaltningskomiteen eller om Gunn Mari Moberg frå Høgre blir medlem av formannskapet

Dei siste meldingane tyder på at det kan gå to veker til før det blir ei endeleg avklaring.

Forhandlingsleiar Lars Magnar Bjelland i Arbeidarpartiet seier til Kvinnheringen at det føreligg ei samarbeidsavtale om fordeling av posisjonar, men at namna ikkje er på plass.

Først 15. oktober skal kabalen vera klar og det er berre tre dagar før kommunestyret skal konstituera seg.

Framstegspartiets Ole Torbjørn Holmedal retter i innsida.no sterkt kritikk mot fleirtalskoalisjonen for sein framdrift og seier at det har vorte ein håplaus politisk situasjon så lenge fleirtalskoalisjonen ikkje seier frå om kva utvalgsstruktur dei legg opp til.

- Vi kan ikkje diskutera og forhandla om kven som skal sitja i formannskap og ulike andre utval og styre før vi veit kva vi har å fordela, seier Holmedal.

Av Ola Matti Mathisen